



Bodil Hjellvik Askeland
Sjonarvegen 64
5414 Stord

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2598 - 23/20329

Saksbehandlar:
Helge Clausen
helge.clausen@osteroy.kommune.no

Dato:
12.09.2023

118/64, 66 og 88 - Varsel om oppmålingsforretning

Forretninga gjeld oppmålingsforretning på gnr.118 bnr. 64, 66 og 88. Saka gjeld klarlegging av grenser for desse tre eigedomane.

Registrering av eksisterande grunn;

Tiltakstype: Klarlegging av eksisterande grenser (matr.lova § 33).

Rekvirent er Nils Askeland

Fylgjande er varsla:

Gnr/bnr/fnr/snr	Rolle	Namn
118/64,66,88	Rekvirent	Nils Askeland
118/64,66,88	Rekvirent	Bodil H. Askeland
118/65	Nabo	Katrine Pedersen
118/65	Nabo	Stian Pedersen
118/63	Nabo	Erling Lingjerde
118/5	Nabo	Siri Lise Hjellvik

De vert med dette varsla om å møta for å ivareta dykkar interesser og for å påvisa grensene og stadbundne rettar. Eksisterande grensemerke bør leitast fram til oppmålingsforretninga.

Det er ønskeleg at kopiar av dokument som kan klarleggja tilhøva, vert sende inn til kommunen i god tid før forretninga. Dette gjeld særleg skyldskiftedokument, kart, avtalar eller liknande.

Møter de ikkje sjølv, må de gje skriftleg fullmakt til den som møter for dykk. Dette gjeld og om ektefellen møter. Bruk då vedlagde fullmaktsformular.

Person som møter for firma/organisasjonar må ha med gyldig firmaattest og evt fullmakt frå signaturinnehavar.

De vert med dette oppmoda om å melda frå til landmålar snarast råd om de kjenner til andre som forretninga kan ha verknad for.

De vert beden om å møta:

Fredag den 22.09.2023 kl. 12.00.
på/ved parsellen

Vidare saksgang:

- Oppmålingsforretning (*Oppmålingsforretning går ut på å klarleggja og beskriva grenser og rettar til fast eigedom (matrikkeleining), og bringa fram nødvendig dokumentasjon for registrering i det offisielle registeret over fast eigedom (matrikkelen) og for eventuell tinglysing*)
- Fakturering (*Til rekvirent/kjøpar?*)
- Matrikkelføring (*føra opplysningar i matrikkelen*)
- Evt. tinglysing (*Registrering av matrikkeleining i grunnboka hjå tinglygingsstyresmakta/ evt. tinglysing av erklæring om rett i fast eigedom*)
- Utsending av matrikelbrev/relevant utdrag av matrikelbrev og kopi av protokoll for oppmålingsforretning (*Matrikelbrev er attestert utskrift av matrikkelen som viser registrerte opplysningar om ei matrikkeleining ved oppgitt dato*)
- Klagefrist (*Etter matrikellova kan oppmålingsforretning påklagast til fylkesmannen. Klagefristen er 3 veker frå matrikelbrevet/relevant utdrag av matrikelbrevet er motteke*).

Kart mm finns på www.seeiendom.no og www.nordhordlandskart.no

Oppmøte ved oppmålingsforretninga er frivillig, og det kan ikkje krevjast godtgjersle for reiseutgifter, tapt arbeidsforteneste og liknande i samband med gjennomføringa av oppmålingsforretninga.

Treng De fleire opplysningar eller er noko uklårt, høyrer me gjerne frå dykk.

Med helsing

Helge Clausen
Landmålar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:
Fullmakt

Vedlegg:

Kart

Mottakar:

Bodil Hjellvik Askeland
Erling Lingjerde
Katrine Pedersen
Nils Askeland
Siri Lise Hjellvik
Stian Pedersen

Sjonarvegen 64 5414
Myrdalsvegen 38 5130
Nerliveien 2 4020
Sjonarvegen 64 5414
Raknesvegen 674 5281
Nerliveien 2 4020

Stord
Nyborg
Stavanger
Stord
Valestrandsfossen
Stavanger